

### **Gamlestova barnehage har 4 avdelingar:**

**Loftstova** (18 pl) - Barn født 2017,2018  
Tlf. 954 10 865  
**Storestova** (18 pl) - Barn født 2019, 2020  
Tlf. 954 17 731  
**Vetlestova** (18 pl) - Barn født 2020, 2021  
Tlf. 954 17 819  
**Stova** (18 pl) - Barn født 2020, 2021  
Tlf. 969 46 759

Tlf. styrar- Per Rune Joranger 576 85 850/  
450 82 357

Opningstid Gamlestova bhg : kl. 07:30 – 16:30

Fint med beskjed så raskt som mogleg om barnet skal ha fri, kjem seinare eller er sjuk. Bruk app'en Visma, Min barnehage – foresett, til å gi melding. Samling, aktivitetar og turar startar ofte kl.9.30

**Ferie;** Barna skal ha 4 veker ferie i kalenderåret, der 3 av desse skal vere samanhengande. Frist for innlegging av ferie på Visma er 15. april 2023. Det er bindande påmelding i veke 29 og 30.

### **Planleggingsdagar**

Dei 5 planleggingsdagane kan utgjere den 4. ferieveka til barnet;

- **Fredag**       **04.11.22**  
- **Mandag**       **02.01.23**  
- **Fredag**       **09.06.23**  
- **Fredag**       **11.08.23**  
- **Mandag**       **14.08.23**

### **Vi har desse satsingane for barnehageåret 2022/2023:**

**Fysisk aktivitet;** I Gamlestova skal barna vere fysisk aktive kvar dag. Utetid og innetid skal vektleggast like mykje, og vi skal ha like god vaksentettleik inne som ute. I HVL-prosjektet ACT-now er vi kontrollbarnehage.

### **Psykisk helsefremjande barnehage;**

Lustrabarnehagane har samarbeid med STYD som skal sikre gode psykiske barnehagar der leiken er i fokus. Fokus på FN's barnekonvensjon og barn sine rettar, barn sitt fysiske leikemiljø inne, relasjonar barn-vaksen og foreldresamarbeid. 4 åringane (f. 2018)– går gjennom leikeprogrammet «Kule krabatar leikar».

### **Livsmeistring - robuste barn og ungdom 2020-2025**

Samarbeidsprosjekt Luster og Sogndal i 5 år. Gi barn kompetanse, dugleik og verktøy til å kunne utvikle ei god og robust psykisk helse.

### **REkomp 1 – Vaksenrolla 2020-2022**

Samarbeidsprosjekt med HVL om å utvikle kompetansen til personalet mtp å utvikle den profesjonelle vaksne i møtet med barna.

### **REkomp 2 – Foreldresamarbeid 2022-2023**

Vi er i starten på ei ny satsing der vi vil arbeide med foreldresamarbeid. Det blir fokus på korleis vi kan utnytte dette betre.

### **Circle of security (COS), tryggleikssirkelen;**

Tilbod om foreldrerettleiingskurs som skal gi foreldre verktøy til å forstå barnet sitt betre. «Se barnet innenfra» er eit tilknytningsbasert program for personalet som skal auke vår bevisstheit på kva barn treng for å fremje tryggleik, livsmeistring og helse.

### **I tillegg har Gamlestova barnehage dette og som satsingsområde:**

#### **Sosial kompetanse /Leikekompetanse**

Leik er frivillig og styrt av barnet sjølv, og den er grunnleggande for barn si læring og utvikling. Vi vil skape eit godt leikemiljø fysisk og psykisk. Barna skal ha medverknad på kva og kven dei vil leike med

i kvardagen. Målet er at alle barn skal vera inkluderte og oppleve at andre barn vil leike saman med dei, og at alle skal vera ein god og grei leikekamerat. Leik er barna sin viktigaste aktivitet og er ein svært sentral del av dagen i Gamlestova barnehage. Vi i barnehagen vektlegg : vennskap, empati, konsentrasjon, toleranse, humor, konfliktløysing, dele opplevingar, godheit, rettferdigheit, verdi for gruppa, inkludering, rollemodell, tru på seg sjølv, språktrening, sjølvstendigheit, sosialisering.

### **Vaksenrolla**

For oss er tryggleik og trivsel viktige faktorar. Vi vil at de som foreldre skal reise frå barnehagen og vera trygge på at barna har det godt. For å oppfylle dette, må vi ta oss god tid saman med barna, vere engasjerte, nærverande og positive. Det handlar om den **AKTIVE VAKSNE**

### **Omsorg, danning, leik og læring**

Omsorg i barnehagen handlar om relasjonar og tryggleik. I Gamlestova barnehage skal nærleik, vilje til å lytte, og innleving prege samspelet mellom barn og vaksen. Personalet skal gje barna rom for å være seg sjølv, og hjelpe barna til å fylgje reglar, normer og sosiale krav.

### **Rammeplan:** Barna har medverknad på tema med utgangspunkt i dei 7 fagområda:

- kommunikasjon, språk og tekst
- kropp, rørsle, mat og helse
- kunst, kultur og kreativitet
- natur, miljø og teknologi
- etikk, religion og filosofi
- nærmiljø og samfunn
- mengd, rom og form

**Nava Jyoti** : Barnehagen vår i India – det handlar om å bry seg. Fokus på sosialt entreprenørskap der vi har ulike aktiviteter for å samle inn pengar til støtte til dei.

### Toddlrar – dei yngste borna (1-2år)

Å meistre kvardagen blir det viktigaste for dei. Dei øver seg i å vere ein del av gruppa (sosial dugleik) og bli sjølvstendige i måltid og garderobe. Dei treng mykje omsorg, kjærleik, trygghet og føle at nokon bryr seg om dei akkurat no og har tid til dei.

**Satsingsområda** : *psykisk helse, sosial kompetanse, fagområder, fysisk aktivitet er med i alle opplegg.*

**På heimesida** ; [www.oppvekst.luster.no/gamlestova](http://www.oppvekst.luster.no/gamlestova)

finn de utfyllande info om ;

- barnehagelova
- rammeplan for barnehage
- FN's barnekonvensjon
- personalet sin teieplikt
- personalet si opplysningsplikt
- årsplan (utdjupande) – eit arbeidsdokument.
- språkplan for Luster kommune
- til deg som er ny i barnehagen

Dette er dokument som er styrande for barnehagedrifta.

### Månadsplanar og informasjon

Kvar avdeling utarbeidar ein rettleiande plan for kvar månad. Saman med denne blir det og litt informasjon frå avdelingane. Desse vil bli tilsendt på Visma. Visma er eit lukka system kun for personal i barnehagen og føresette som er knytt til dei ulike avdelingane. I Visma blir det delt bilder og tekst frå avdelingane med jamne mellomrom.

ÅRSHJUL	
Mnd	Tema
Aug	Bli kjende på avdeling
Sept	Bli kjende på avdeling Foreldremøte Brannvernveke, veke 38
Okt	Nava Jyoti marsj, 5. oktober Politiveke Meg sjølv veka, veke 42 Foreldresamtalar
Nov	Foreldresamtalar Leikedagar for nye barn <b>Planleggingsdag 04.11.22</b>
Des	Advent og jul Leikedagar for nye barn
Jan	<b>Planleggingsdag 02.01.23</b>
Feb	Utkledningsfest
Mars	Barnehagedagen Førstehjelpsveke Foreldresamtalar Nava Jyoti – lynlotteri 30. mars
April	Påske Nava Jyoti – foreldremiddag/frukost
Mai	17. mai
Juni	<b>Planleggingsdag 09.06.23</b> Leikedagar for nye barn Førskuledagar Sommarfest (arr. FAU)
Juli	Sommaropen barnehage, samarb m/ Hafslo bhg, bindande påmelding i veke 29 og 30
Aug	Planleggingsdagar ; <b>11.08.23 &amp; 14.08.23</b>

Gjennom året blir det leikedagar og oppstart for nokre nye barn. Det blir informasjon om dette på dei avdelingane det gjeld.



# ÅRSPLAN

## Gamlestova barnehage



**2022/2023**

Visjon ; «*Med barna byggjer vi framtida*»

[www.oppvekst.luster.no/gamlestova](http://www.oppvekst.luster.no/gamlestova)